



Arkivnr: 2015/5406-3  
Saksbehandlar: Sunniva Schultze-Florey

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval         | Saknr. | Møtedato   |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet |        | 18.06.2015 |

## Høyring - Framlegg til forskriftsendringar - Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag

### Samandrag

Utdanningsdirektoratet har sendt framlegg til endringar i krava til kompetanse i undervisningsfag med meir på høyring. Høyringa vart publisert 14.04.2015, med høyringsfrist 26.05.2015. Det er sendt førebels høyringssvar med atterhald om endringar etter politisk handsaming. Høyringa gjeld framlegg om revidering av kapittel 14 i forskrift til opplæringslova. Kunnskapsdepartementet har allereie hatt endringar i opplæringslova kapittel 10 på høyring, og gjer i Prop. 82 L (2014-2015) mellom anna framlegg om at unntaket som inneber at lærarar utdanna før 01.01.2014 ikkje treng relevant kompetanse i undervisningsfaget, vert oppheva. Endringane gjeld i hovudsak lærarar i grunnskulen, det er berre delar av høyringa som omhandlar vidaregåande opplæring.

### Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune støttar framlegget om at lærarar som før 01.01.2014 fylte krava til tilsetjing, framleis bør vere unntatt kravet om eit gitt tall studiepoeng relevant kompetanse for å undervise i det enkelte fag i den vidaregåande skulen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 26.05.2015**

Utdanningsdirektoratet har sendt framlegg til endringar i krava til kompetanse i undervisningsfag med meir på høyring. Høyringa vart publisert 14.04.2015, med høyringsfrist 26.05.2015. Høyringa gjeld framlegg om revidering av kapittel 14 i forskrift til opplæringslova. Kunnskapsdepartementet har allereie hatt endringar i opplæringslova kapittel 10 på høyring, og gjer i Prop. 82 L (2014-2015) mellom anna framlegg om at unntaket som inneber at lærarar utdanna før 01.01.2014 ikkje treng relevant kompetanse i undervisningsfaget vert oppheva. Endringane gjeld i hovudsak lærarar i grunnskulen, det er berre delar av høyringa som omhandlar vidaregåande opplæring.

I den vidaregåande skulen vert det kravd 60 studiepoeng/eitt års relevant kompetanse for å undervise i alle fag, med unntak av faget prosjekt til fordjuping. Dette kravet gjeld for alle som er ferdig utdanna etter 01.01.2014. Det er gjort unntak frå kravet om relevant kompetanse for lærarar utdanna før 01.01.2014 og for lærarar som fullfører tidlegare allmennlærarutdanning etter dette tidspunktet. Det er ikkje gjort framlegg om nokon realitetsendringar for lærarar som underviser i vidaregåande opplæring. Høyringsinstansane vert bedne om å gi uttale om dei ønskjer at dagens ordning held fram. Hordaland fylkeskommune kan ikkje sjå vektige grunnar for å endre dagens ordning og ønskjer difor å halde fram med denne. Hordaland fylkeskommune støttar framlegget om at lærarar som før 01.01.2014 fylte krava til tilsetjing, framleis bør vere unntatt kravet om eit gitt tall studiepoeng relevant kompetanse for å undervise i det enkelte fag i den vidaregåande skulen.

Dei andre delane av høyringa er ikkje aktuelle for vidaregåande opplæring.